



Foto: Sola kommune

Kultur bygger samfunn

Plan for kultur, idrett og frivillighet



Sola
kommune

Innhald

Kultur bygger samfunn	3
Fire satsingar fram til 2036	4
Velkommen til torgs	5
Kule Sola	6
Aktive Sola.....	7
Utandørskultur.....	8
Kva er Sola-kulturen?	9
Kva ligg til grunn for planen?	10
Korleis sett me i verk planen	11

Kultur bygger samfunn

Kultur handlar om dei ideane, verdiane og tradisjonane som bind saman eit samfunn. Kultur er dei opplevingane og erfaringane menneske i eit samfunn kan ha saman. Ein aktiv kulturpolitikk handlar om å bygga og styrka fellesskap.

Kulturpolitikk i ein ny tid

Me lever i ei tid med rask endringstakt, både med tanke på geopolitisk uro og teknologisk utvikling. Kultur, idrett og frivilligheit er viktige ressursar i lokal og nasjonal beredskap, ikkje minst ved å bygga identitet, fellesskapsfølelse og demokratisk motstandskraft.

Gjennomsnittsnordmannen brukar mange timar dagleg på kultur- og mediekonsum. Me er fem timar på internett kvar dag, i følge SSB.¹ Langt mindre tid brukar me på fysiske kultur- eller idrettsarrangement, og me les berre 17 minutt kvar dag i bøker.

Kulturbruken blir på dette viset dominert av internasjonale teknologiselskap. Innhaldet er i liten grad forankra i lokale fellesskap, språk, tradisjonar og demokrati.

Kommunane kan ikkje regulera globale plattformsselskap, men dei må ha aktiv kulturpolitikk for å skapa attraktive alternativ til passivt forbruk av skjermmedia. Kommunane har ansvar for å bygga opp møteplassar og støtta skapande og deltakande kultur- og idrettsaktivitetar. Det bygger sosial tilhøyrse, tillit og deltaking. Dette er føresetnader for å bevare eit levande og trygt demokrati i åra som kjem.

Kulturomgrepet i denne planen

Omgrepet «kultur» i planen omfattar både kreative og kunstnariske uttrykk (teater, musikk, litteratur og så vidare) og deltakande kulturaktivitetar som idrett, frivillig arbeid og organiserte sosiale aktivitetar.

«Kulturplanen» blir brukt som forkorting for planen sin fulle tittel.

Kultur i planane til Sola kommune

Kulturplanen bygger direkte på prioriteringane i kommuneplanens samfunnsdel. Spesielt sterk og direkte er koplinga mellom kulturplanen og samfunnsdelen sitt eine hovudmål, *å skapa tilhøyrse gjennom deltaking*.

Ein aktiv kulturpolitikk som bygger på dette overordna målet vil bidra til å gi innbygarane auka livskvalitet og til å sikra at alle Solabuar har gode føresetnader for å bidra til samfunnet og i demokratiet.

Aktiv kulturpolitikk vil også bidra til kommuneplanen sine andre tre hovudmål, berekraftig samfunn, solid økonomi og ein kommune som er kreativ og tar i bruk nye løysningar.

Kulturpolitikken bidrar til *eit berekraftig samfunn* til dømes gjennom tiltak for å sikra tilgang til friluftsliv og ved at frivilligheita er ei sentral brikke i beredskapsarbeid. Kultur bidrar til *solid økonomi* ved å bidra til at Sola har og løftar fram verdier som er attraktive for næringsliv, tilflyttarar og turistar.

Eit aktivt kultur- og idrettsliv, og ein engasjert frivillig sektor, bidrar også til at kommunen er *kreativ og tar i bruk nye løysningar* ved å etablera godt samarbeid mellom kommune og sivil sektor og ved å formidla og skapa debatt om visjonar for framtidas samfunnsutvikling.

Overordna strategi:

- Sola kommune skal i alt overordna planarbeid vurdere korleis det er relevant å involvere kulturliv, idrett og/eller frivillig sektor.

Kultur gir økonomisk, sosial og helsemessig gevinst

Kultur, idrett og frivilligheit gir positive helsegevinstar, bygger sosial tilhøyrse, er ein ressurs i stadutviklinga, legg grunnlaget for økonomisk verdiskaping og er viktig for eit sunt demokrati.

Å satsa på områda denne planen handlar om kan vera ein kostnadseffektiv måte å oppnå positive gevinstar på område som folkehelse, demokrati og førebygging av utanforskap.

Sola kommune skal ha eit overordna mål om å utnytta potensialet for verdiskaping som ligg i kultur, idrett og frivilligheit.

¹ <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/tids-og-mediebruk/statistikk/norsk-mediebarometer>

Fire satsingar

Fire satsingar skal vera viktige rettesnorer for utviklinga av kultur, idrett og frivilligheit i Sola kommune:

- **Velkommen til torgs** handlar om møteplassar i samfunnet som styrkar fellesskapen og demokratiet.
- **Aktive Sola** handlar om gode vilkår for at innbyggjarar kan halda seg sunne, aktive og engasjerte.
- **Kule Sola** handlar om å sikra at Sola er ein stad som er attraktiv å bu i og besøka.
- **Utandørskultur** handlar om å satsa på ein av Sola sine største naturlege fortrinn: dei fantastiske uteområda og viktige kulturlandskapa.



Foto: Sola kommune




Foto: Kammermusikkfestivalen/Nino Felbab

Velkommen til torgs

Folk må møtest. Tilgang til praktiske, inspirerende og varierte møtestadar – torg – held folk friske, hindrar skadeleg skjermbruk og styrkar fellesskapsfølelsen. Å ha gode stadar å møtast ligg til grunn for all utvikling av kultur, idrett og frivilligheit.

Visjonen til Sola kommune er: Ansvar for kvarandre. Kommuneplan for Sola 2023-2040 forklarar at visjonen handlar om to ting:

- Det skal vera godt å bu i Sola
- Innbyggjarar, næringsliv, frivillige og kommunen skal samarbeida om å skapa eit godt samfunn.

Når me snakkar om at ein stad er god å bu på, handlar det ikkje berre om husa våre eller tilgang til arbeid. Nærmiljøet betyr mykje. Eit godt nærmiljø ser triveleg ut og er utforma slik at folk vil opphalda seg der. Det må vera stadar å møtast: skular, bibliotek, idrettsanlegg og andre sosiale arenaer.

Slik sosial infrastruktur gjer det lettare bli kjent med andre og dermed blir fellesskap skapt og styrka. Fellesskap, følelsen av å høyra til og følelsen av å ha påverknad er grunnmuren i eit levande demokrati. Når folk kjenner seg trygge og knytte til staden sin, er det meir sannsynleg at dei engasjerer seg, seier meininga si og tar ansvar for kvarandre.

Derfor skal Sola kommune jobba for

- å ha fysiske møteplassar og kultur- og idrettsarenaer av høg kvalitet, som er eigna til ulik aktivitet og ulike målgrupper.
- at det skal vera enkelt for folk å møtast og gjera ting i lag, utan å måtte køyra bil.
- å sikra at heile breidda av befolkninga har tilgang til tilboda, uavhengig av økonomisk, sosial og kulturell bakgrunn.



Foto: Sola kommune

Fleire lever store delar av liva sine på digitale arenaer. Dataspel og sosiale medium er ein viktig del av fritida til mange. Sola kommune skal utvikla verkemiddel for å hjelpa innbyggjarar til å få balanse mellom livet på og av skjerm. For at det skal vera mogleg, må vaksne som jobbar for kommunen ha god kompetanse også på digital kultur og vera til stades på digitale møteplassar.

Å trygga og vidareutvikla demokratiet er ein viktig grunn for at kommunen skal satsa på møteplassar. Derfor handlar det å laga gode møtestadar også om å jobba aktivt for eit opplyst og mangfaldig demokratisk ordsifte der mange tør delta.



Foto: Sola kommune

Prioriterte strategiar:

1. Sola sentrum skal få særleg attraktive kvalitetar som møteplass for folk frå heile kommunen.
2. Sola kulturhus skal utviklast vidare som samlande arena for kulturopplevingar, frivilligheit, ungdomskultur og demokratisk danning.
3. Sola idrettspark skal utviklast vidare, med ambisjon om at anlegget kan spela ei viktig regional rolle for folkehelse og brei deltaking i idretten.
4. Frivillige, næringsdrivande og Sola kommune skal sikra at møteplassar og aktivitetar i Sola er tilgjengelege for personar med funksjonshindringar og ulik språk- og kulturbakgrunn.

Andre strategiar:

5. Sola kommune skal aktivt støtta offentleg ordsifte, ytringsfridom og eit deltakande demokrati.
6. Innbyggjarar, frivillige og næringsliv som ønsker å skapa og bruka inkluderande lokale møteplassar og nærmiljøanlegg skal oppleve at dei har støtte frå Sola kommune.
7. Sola kommune skal jobba for eit kollektivtilbod som sikrar alle tilgang til kultur, idrett og friluftsanset.
8. Sola kommune skal ha oversikt over arenebehov på kulturfeltet og vurdera desse ved oppstarten av større byggeprosjekt.
9. Trygge vaksne og fagpersonar skal ha oversikt over ungdoms fysiske og digitale møteplassar og møta dei der på deira eige vilkår.

Kule Sola

Det skal vera kult å vera frå Sola. Sola er del av eit av Noregs største byområde. Det stiller krav til mangfald og kvalitet i kultur- og aktivitetstilbodet. Samtidig er Sola ein landbrukskommune med store verdiane knytt til kystens kultur- og naturhistorie. Desse verdiane må me bygga vidare på for å framleis vera ein attraktiv kommune.

Ein viktig rolle for kulturpolitikken er å styrka stoltheit og tilhørsle til heimlassen. Sola har mange innflyttarar og har hatt særleg stor befolkningsvekst dei siste 50 åra. Samtidig bor fire av fem arbeidstakarar i Sola utanfor kommunen.² Samla aukar dette risikoen for at folk mistar følelsen av at staden ein bor på har ein identitet dei er knytt til. For å motverka det, må Sola jobba aktivt med å

- skapa engasjement for stadens historie og tradisjonar.
- sikra eit variert tilbod av høg kvalitet innan kunst, kultur, arrangement, fritidsaktivitetar og idrett.

Desse måla kan berre nås i eit samarbeid mellom kommunen, næringsaktørar og frivillige. Sola kommune skal ha ein rolle som aktiv pådrivar for gode samarbeid og kommunen skal støtta private i å skapa nye og kule tilbod i kommunen.



Foto: Sola kommune

For å sikra Sola sin innbyggjarar eit breitt idretts- og kulturtilbod av høg kvalitet må det vera godt samarbeid mellom kommunane i regionen. Ein god arbeidsdeling i regionen tillèt også at Sola kommune kan prioritera nyskapande tilbod som trekk til seg publikum frå resten av fylket.

Sola sine historiske kulturverdiar kan vera attraktive for tilreisande. Historia og kulturminna våre kan også vera grunnlag for berekraftig næringsutvikling.



Foto: Tour of Norway for kids

Prioriterte strategiar:

1. Kommunal kultursektor, barnehage, skule, frivillige sektor og næringsliv skal samarbeida om å formidla Sola sin historie og kulturelle felleseige.
2. Sola kulturhus skal vera ein open plattform for profesjonell kunst og kulturell nyskaping og tilby eit program som er variert, har kunstnarisk kvalitet og speglar breidda i både kulturuttrykk og i befolkninga.
3. Det frivillige kulturlivet skal ha føreseielege og rettferdige vilkår for lån og leie av eigna arenaer for øving og framføring.
4. Fleire aktørar innan kreativ næring og profesjonell kunst og kultur skal oppleve at det er attraktivt å etablere seg og ha aktiviteten sin i Sola.
5. Kommunane på Nord-Jæren skal ha nært samarbeid og god arbeidsdeling på kulturfeltet, til glede for kulturpublikummet i regionen.

Andre strategiar:

6. Folk i overgangsfasar i livet – familiar i etableringsfasen, ungdom og pensjonistar – er prioriterte målgrupper.
7. Sola skal bli i stand til å tiltrekke seg fleire større idrettsarrangement.
8. Sola kommune skal samarbeida med Jærmuseet om å utgreia vidareutvikling av Sømmevågen som eit område for kulturhistorisk formidling på nasjonalt nivå.
9. Sola kommune skal samarbeida med lokale aktørar for å nytta kommunen sine rike tradisjonar knytt til kystkultur til auka aktivitet og verdiskaping.
10. Sola kommune skal ha ei forskings- og kunnskapsbasert tilnærming til utvikling av kultur, idrett og frivilligheit.

Aktive Sola

Når folk er aktive, får dei meningsfulle liv og betre helse. For ein kommune lønar seg menneskeleg og økonomisk å støtta folk til å vera i rørsle, vera sosiale og bruka hovudet.

Sola har ungdom som er fysisk aktive og livskraftige miljø for idrett i alle delar av kommunen. Det er idrettsanlegg for dei breie folkesportane i alle kommunedelane, og fleirtalet er kommunalt eigde. Anlegga er eit godt grunnlag for breiddeidretten og er viktige møteplassar.



Foto: Sola kommune

Sola kommune prioriterer økonomisk støtte til organisasjonar som har aktivitet for barn og unge. I dei kommande åra vil det vera viktig å vurdere styrkte verkemiddel for å halda ungdom engasjerte i organisert idrett og fritidsaktivitet. Sjølv om dei i snitt brukar mykje tid på individuell trening, har organisert aktivitet fordelar.

Å vera aktiv i lag med andre legg grunnlag for eit godt sjølvbilet, god mental helse og viktig sosial kompetanse. Klubbane kan også vera viktige arenaer for å få forståing for demokrati, leiing og styring.

At seniorar er sosialt aktive har stor samfunnsverdi. Å støtta slik verksemd med lokalar, koordineringshjelp, kompetanse og sjølv moderat økonomisk støtte vil bidra til å halda vaksande grupper av eldre ved betre helse.

Sola kommune skal jobba for:

- at alle i Sola kan finna ein klubb, kulturell eller sosial aktivitet som passar for dei.

Tiltak for å styrka hjernehelsa og dei kognitive evnene til folk kjem til å bli viktigare i åra som kjem. Det er risiko for at ein negativ konsekvens av teknologiutviklinga, særskilt utviklinga av kunstig intelligens, vil vera at me brukar hovudet annleis. Derfor må kommande satsingar innan både folkehelse og kulturformidling også vera klart retta mot å halda folk mentalt aktive. Det kan Sola kommune blant anna sikra ved å jobba for:

- ein sterk lokal kultur for lesing
- at musikk- og kulturoppføring skal vera tilgjengeleg og attraktivt for alle
- at det er lett å velja å vera fysisk aktiv i alle livsfasar

Prioriterte strategiar:

1. Bibliotek, skuleverk og andre aktørar skal arbeida målretta for å styrka lesekulturen.
2. Frivillige lag/organisasjonar og Sola kommune skal saman jobba for å fremma verdien av dugnad og frivillig innsats og få fleire Solabuar til å engasjera seg for aktivitetar i lokalsamfunna.
3. Inntekt eller formue skal ikkje vera eit hinder for å ta del i meningsfull idretts- og kulturaktivitet.
4. Unge menneske i Sola kommune skal få erfaring med organisasjon, leiing og styring i organisasjonar og i det offentlege.
5. Organisasjonslivet, idretten og frivilligheita skal, saman med Sola kommune, arbeida for å inkludera grupper som er underrepresenterte i idrett og frivilligheit.

Andre strategiar:

1. Sola kommune skal ha støtteordningar for frivillige organisasjonar som sikrar berekraftig økonomi og føreseielege vilkår i frivilligheita.
2. Sola kommune skal ha ein handlingsplan for idrettsanlegg, inkludert vedlikehaldsbehov, som blir revidert kvart år.
3. Sola kommune skal ta ansvar for at det er tilstrekkeleg fysisk infrastruktur for eit bredt tilbod innan idrett og frivilligheit og føreseielege og rettferdige vilkår for lån og leie av arenaer og lokale.



Foto: Sola kommune

Utdørskultur

Den siste satsinga tar opp i seg dei tre første. Me vil skapa ein kultur for å møtast ute i friluft, vera aktive ute og møta kunst, kultur, kunnskap og historie ute. God utdørskultur styrker bukvaliteten, og det å røra seg ute betrar helsa til folk.

Sola har flott natur, tradisjon for rekreasjon og friluftsliv, unike utdørs kulturminne og to kulturlandskap av nasjonal betydning – Hafrsfjord og Jærstrendene. Desse naturlege fortrinna kan bli utnytta til å skapa meir liv i heile kommunen og tiltrekka seg fleire tilreisande.



Foto: Sola kommune

Innbyggjarar i Sola har god og trygg tilgang til rekreasjonsareal – altså mindre område for å vera aktive ute. Likevel har færre enn landssnittet trygg tilgang til større, samanhengande område for turar i friluft.

Langs kysten frå Solastranden og sørover er det godt merka og tilgjengelege turstiar. Ved Hafrsfjord er det no god tursti frå Sørnes til Sømme, men framleis manglar store delar av den planlagde turstien. Å få ferdig denne kan har stor positiv betydning for kommunens attraktivitet.

Å satsa på aktivitet ute er økonomisk fornuftig på kort og lang sikt. På kort sikt er billigare å laga aktivitet og nye møteplassar utdørs enn inne. På lang sikt vil satsing på utdørskultur i Sola både gje lågare helsekostnader og gjera kommunen meir attraktiv.

Sola kommune vil derfor jobba for at:

- innbyggjarar skal ha trygg tilgang til friluftsområda og kjenna til landskapa og landskapshistoria i Sola
- det skal vera enkelt for folk, organisasjonar og næringsliv å skapa aktivitet ute i Sola.

For at ei satsing på utdørskultur skal vera berekraftig, må me også vera bevisste det å ta vare på naturen og uteområda. Sola har hatt høg befolkningsvekst, noko som har lagt press på fleire friluftsområde og opne areal.

Prioriterte strategiar:

1. Gode og utbreidde gangveggar, sykkelruter og turstiar skal gje tilgang til møteplassar, kulturopplevingar og rekreasjon.
2. Sola kommune skal vurderer tiltak for å sikra trygg tilgang til friluftssareal i alt overordna arealplanarbeid
3. I samarbeid med Jærmuseet skal Sola kommune vurderer å oppretta Sola landskapsmuseum, som ei satsing for å formidla landskapshistoria og utdørs kulturminne.

Andre strategiar:

1. Fleire kulturarrangement, fleire opplevingar og meir aktivitet skal skje utdørs.
2. Det skal vera gode tilhøve for rekreasjon, sjøsport, ro og refleksjon, spesielt langs kysten.
3. Utdørs rom i Sola skal vera inspirerende og gode å opphalda seg i.
4. Befolkninga skal halda i hevd kunnskapen om å bruka naturen på berekraftig måte.
5. Sola kommune skal formidla og ta vare på sine kulturminne gjennom samarbeid med offentlege, frivillige og private aktørar.



Foto: Sola kommune

Kva er Sola-kulturen?

Idrett og kultur i Sola er i all hovudsak drive av frivillige kreftar. Kommunale kultur- og idrettssatsingar er først og fremst retta mot barn og unge. Profesjonell kunst og kultur har vore lågt prioritert.

Den kommunale kulturen

Dei fleste kommunale kulturaktørane held til på Sola kulturhus. Her er Sola bibliotek, Sola fritid, Sola kulturskule og fagstab kultur (kulturkontoret, frivilligsentralane og Sola kulturhus sin stab).

Dei kommunale kulturtilboda er populære, og dei er kostnadseffektivt drivne samanlikna med andre kommunar, viser data frå SSB. Sola kommune har særleg høg ressursbruk på, og ditto høg oppslutnad om, aktivitetstilbod for barn og unge. På andre sida bruker Sola relativt lite ressursar på bibliotek og museum og har middels oppslutnad om desse tenestene, i følge Norsk kulturindeks.

Kommunale tilskot på kulturfeltet har fram til 2025 i all hovudsak gått til å støtta organisasjonar med aktivitet for barn og unge.



Illustrasjon: Alexandria Algard Architects, frå moglegheitsstudie for Sømmevågen, 2014

Jærmuseet og private historiske samlingar

Flyhistorisk Museum held til i Sømmevågen ved lufthamna i Sola. I 2012 blei museet konsolidert med Jærmuseet, som i dag har ansvar for drift og forvaltning. Venneforeininga er svært aktiv og hadde 354 medlemmar i 2025.

Stiftelsen Kystkultursamlingen i Tananger har ein av landets største samlingar av båtar, og gjenstandar frå 18- og 1900-tallets kystkultur. Rogaland Krigshistoriske Museum har landets største private samling av tyngre militære køyretøy og kanoner, men er ikkje ope for publikum per 2025.

Idrettslivet

Sola har eit aktiv frivillig idrettsliv. 58% av elevane i ungdomsskulen trena i eit idrettslag i 2025, mot eit snitt i landet på 53%. Sola kommune gir driftsstøtte til lag og foreiningar ut frå talet på medlemmer under 25 år. 41 foreiningar fekk slik støtte i 2025.

Det er innandørs og utandørs idrettsanlegg i alle kommunedelar. Rundt halvparten av desse er i 2025 eigd av Sola kommune. Sola idrettspark er eit område som samlar fleire funksjonar og aktivitetar, og i 2025 opnar det nye Solabadet her.

Kulturnæring og profesjonelt kulturliv

Sola kommune er kjent for eit rikt næringsliv og næringsvennleg politikk. Likevel har Sola hatt lite kreativ næring og lite aktivitet i eit profesjonelt kulturliv.

Sola kulturhus (som også administrerer Sola ruinkyrkje) dominerer som arena for profesjonelle framsyningar innan musikk og underhaldning. Nokre private aktørar, som Kaktus Café og Bar og Drivhuset på Bærheim har enkelte mindre forestillingar.

Den norske kyrkja i Sola er også ein aktiv kulturaktør, som forvaltar av kyrkjemusikk og -kunst, samt som konsert- og arrangementsarena.

Frivillig aktivitet og organisasjonar

Frivillig sektor er stor i Sola kommune, både på grunn av eit aktivt foreiningsliv og mykje aktivitet i nettverk knytt til frivilligsentralane, samt i kyrkja og andre religiøse organisasjonar.

Sola idrettsråd og Sola kulturråd representerer interessene til den organiserte frivilligheita i kommunen.

Sola kommune gjer driftsstøtte til lag og foreiningar ut frå talet på medlemmer under 25 år. 41 foreiningar fekk slik støtte i 2025, dei fleste idrettsklubbar. Sola kommune gir også støtte i form av gratis eller rabatterte lokalar til ein del organisasjonar.

Innbyggjarar i Sola har god tilgang på større og mindre anlegg for variert fysisk aktivitet.

Friluftsliv, kulturlandskap og utandørs kulturminne

Sola kommune har verdifulle friluftsområde og gode vilkår for å oppleve, lære om og slappa av i naturen. Jæren friluftsråd er Sola kommune sin fremste samarbeidspartnar om forvaltning av dei store friluftsområda.

Tettleiken av kulturminne, både frå eldre og nyare tid, er spesiell for Sola. Sola kommune forvaltar sine kulturminne i samarbeid med Rogaland fylkeskommune og det aktive og kunnskapsrike Sola historielag.

Kva ligg til grunn for planen?

Kulturpolitikken i Sola eksisterer ikkje i eit vakuum. Regionale og nasjonale lover og føringar ligg til grunn. Sentrale strategiar og kunnskapsgrunnlag er viktige for utvikling av lokal kulturpolitikk.

Kultur er lovpålagt

Kulturlova slår fast at stat og kommune har ansvar for å leggja til rette for eit breitt kulturtilbod. I formålsparagrafen knyter lova det offentlege sitt ansvar for kulturen til ytringsfridomsparagrafen i grunnlova.

Biblioteklova blei sist styrkt i 2013 med ein føremålsparagraf som slår fast at biblioteket skal vera ein «uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt».

Kulturskolen er lovfest i opplæringslova § 13-6.

- [Kulturlova \(lovdata.no\)](#)
- [Lov om folkebibliotek \(lovdata.no\)](#)
- [Opplæringslova \(lovdata.no\)](#)

Sentrale strategiar og handlingsplanar

Ei rekke planar og NOUar legg sentrale føringar for dei fagfelte denne planen gjeld. Dei viktigaste er:

- [Musikklandet \(NOU 2025:7\)](#)
- [Rom for demokrati og danning. Utvidet nasjonal bibliotekstrategi – ut 2025.](#)
- [En åpen og opplyst offentlig samtale \(NOU 2022:9\)](#)
- [Sammen om lesing - Leselyststrategien 2024-2030](#)
- [Regjeringens idrettsstrategi: Sterkere tilbake](#)
- [Folkehelse – verdier, kunnskap og prioritering \(NOU 2025:8\)](#)
- [Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029](#)
- [Alle inkludert! Handlingsplan for like muligheter til å delta i kultur-, idretts- og friluftslivsaktiviteter](#)

Viktige kjelder for kunnskapsgrunnlag

- [Kulturfeltets plass i samfunnsutviklingen](#)
- [Kulturtilbod i kommunane \(SSB\)](#)
- [Norsk kulturindeks \(Telemarksforskning\)](#)
- [Norsk idrettsindeks \(Telemarksforskning\)](#)
- [Friluftsliv i Norge. Status og historisk utvikling](#)
- [Frivillighetsbarometeret](#)
- [Anleggsregisteret](#)
- [Gode idrettsanlegg](#)
- [Veiledere | Kulturlokaler.no](#)

Regionalplan for kultur og idrett i Rogaland

Planen frå 2024 set som mål at idrett og kultur skal vera drivkrefter i lokalsamfunna i Rogaland. Det er eit hovudmål at kultur- og idrettslivet skal inkludera alle. Planen legg vekt på utvikling av infrastruktur og peikar på behovet for samarbeid i heile regionen.

- [Regionalplan for kultur og idrett i Rogaland 2024-2036 - Rogaland fylkeskommune](#)



Illustrasjon: Rogaland fylkeskommune

Lokale planar som tangerer kulturplanen

- [Gjeldende kommuneplan - Sola kommune](#)
- [Kommunedelplan for kulturminner i Sola 2017-2027](#)
- [Næringsstrategi for Sola kommune 2025-2030](#)
- [Plan for integrering og inkludering 2023-2026](#)
- [Trygg og god oppvekst for alle! Strategi for oppvekstområdet 2023 – 2026](#)

Lokale planar planen erstattar

- [Kultur for alle 2015 – 2025](#)
- [Plan for idrett og fysisk aktivitet 2014 – 2024](#)
- [Frivillighetsmelding 2016-2020](#)

Korleis set me i verk planen

Plan for kultur, idrett og frivilligheit er ein overordna plan for eit breitt felt. For å komma i mål, må me også ha ulike måtar å setta planen i verk.

Handlingsplanen

Handlingsdelen av kulturplanen skal bli rullert kvart år i høve handsaminga av Handlings- og økonomiplan. Dei tiltaka som er prioritert ved handsaming av planen i 2026 er tiltak som har blitt lagt vekt på at interessentar som har bidratt med innspel i planarbeidet.

Handlingsplan for idrett og fysisk aktivitet

Denne eksisterande planen, som handlar om prioritering av anlegg, skal vidareførast parallelt og blir rullert kvart år. Å ha denne oversikta er ein føresetnad for å kunna søka om spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet, jf. *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet* (Kultur- og likestillingsdepartementet, 2025).

Sola for alle!

Sola for alle! er et treårig prosjekt støtta av Sparebankstiftelsen SR-bank frå 2025 til 2028. Prosjektet skal utvikla heile kultursektoren gjennom å skapa ny aktivitet, og prosjektet skal inspirera til effektiv og samskapande organisering. Unge i kommunen er den viktigaste målgruppa for prosjektet.

Sola for alle er eit utprøvande prosjekt, med rom for eksperiment. I dei første to åra kulturplanen gjeld er Sola for alle utprøvingsarena for dei prioriteringane som kjem fram i planen.

Guidar og rettleiingar

For å oppnå ambisjonane i planen må Sola samarbeida nært med private aktørar, enkeltpersonar frivillige og kommersielle. I dette arbeidet vil det vera nyttig med tematiske guidar og rettleiingar som gjer tips og råd til utvikling og implementering av tiltak.

Temastrategiar

Ein temastrategi er ein politisk vedtatt styringsdokument som gjeld eit enkelt, avgrensa felt, tema eller satsingsområde som inngår i kulturplanen. Dette verktøyet er aktuelt når det er behov for prinsipielle eller langsiktige avklaringar utover det som går tydeleg fram av planen, klar politisk forankring eller vesentleg endring av tidlegare prioriteringar. Døme på temastrategiar kan vera:

- Lesestrategi
- Strategi for bibliotekstruktur
- Lokal fritidserklæring
- Frivilligstrategi

Administrative planar

Som verktøy for å oppnå prioriteringane i kulturplanen skal verksemdene ha eigne planar. Verksemdplanar og andre planar som ikkje er av prinsipiell eller overordna karakter blir vedtatt administrativt. Detaljplanlegging som krev kunst- og kulturfagleg kompetanse skal også alltid handsamast administrativt, jamfør det lovfeste prinsippet om armlengds avstand.

Døme på slike planar kan vera:

- Verksemdsplanar for kulturverksemdene
- Programprofil for kulturhuset

Samarbeid med Sola idrettsråd og Sola kulturråd

Sola kommune har samarbeidsavtale med Sola idrettsråd og Sola kulturråd. Desse avtalane set rammar for medverknad, høyringsrett og strukturert dialog mellom kommunen og dei organiserte felta.

Sola idrettsråd og Sola kulturråd vil ha bli involvert i høve implementering av kulturplanen, temastrategiar, guidar og rettleiingar, samt i arbeidet med rulling av handlingsplanar.



**Sola
kommune**